

Seljord kommune



**Delegasjonsreglement
for
Seljord kommune**

Seljord juni 2011

Versjonar:

Versjonsnummer	Kommentar	Vedtatt av/dato
0.8	Nytt delegasjonsreglement – høyringsversjon	Ad hoc arbeidsgruppe - 5.4.11
1.0	Framlegg til vedtak i formannskap og kommunestyret	Ad hoc arbeidsgruppe – 19.5.11
1.1	Endringar vedtekne av kommunestyret i punkt 2.5.1	Kommunestyret – 16.6.11
1.2	Nokre språklege endringar som ikkje påverkar innhaldet	Rådmannen – 22.7.11

1 Innleiing	5
1.1 GENERELT.....	5
1.2 FORMÅL MED DELEGERING.....	5
1.3 REFERANSAR.....	5
1.4 HEIMELSGRUNNLAG.....	5
1.5 POLITISK ORGANISERING.....	6
2 Fullmakter	7
2.1 GENERELT.....	7
2.1.1 Retningslinjer for gjeven fullmakt.....	7
2.1.2 Vidaredelegering.....	7
2.1.3 Tilbakekalling av fullmakter.....	7
2.1.4 Rett til ikkje å gjere bruk av fullmakt i særskilde saker.....	7
2.1.5 Omgjeringsrett.....	7
2.1.6 Tilbakemelding om bruk av delegert fullmakt.....	7
2.1.7 Mindretalsanke.....	7
2.1.8 Partar og andre sin rett til å få eit vedtak overprøvd.....	7
2.2 FULLMAKTER I BUDSJETTSAKER.....	8
2.2.1 Kontoplan.....	8
2.2.2 Generelt.....	8
2.2.3 Fullmakter til formannskap/økonomutval.....	8
2.2.4 Fullmakter til ordførar og rådmann.....	8
2.2.5 Fullmakter til rådmannen.....	9
2.2.6 Avgrensingar i bruk av fullmakt.....	9
2.3 FULLMAKTER TIL ORDFØRAREN.....	10
2.4 FULLMAKTER TIL RÅDMANNEN.....	10
2.5 FULLMAKTER I PERSONALSAKER.....	10
2.5.1 Fullmakter til administrasjonsutvalet.....	10
2.5.2 Fullmakt til formannskapet.....	11
2.5.3 Intervjuutval.....	11
2.5.4 Fullmakter til rådmannen.....	11
2.6 FULLMAKTER TIL DEI FASTE UTVALA.....	12
2.6.1 Fullmakter til formannskapet.....	12
2.6.2 Fullmakter til Plan-, miljø- og teknisk utval.....	14
2.6.3 Fullmakter til kontrollutvalet.....	14
2.6.4 Fullmakter til administrasjonsutvalet.....	14
2.6.5 Fullmakter til arbeidsmiljøutvalet (AMU).....	14
2.7 FULLMAKTER TIL RÅDMANNEN.....	15
2.7.1 Alkohollova.....	15
2.7.2 Serveringslova.....	15
2.7.3 Opplæringslova.....	15
2.7.4 Barnehagelova.....	15
2.7.5 Vaksenopplæringslova.....	15
2.7.6 Kommunehelsetenestelova.....	15
2.7.7 Smittelova.....	15
2.7.8 Tobakkskadelova.....	15
2.7.9 Sosialtenestelova.....	15
2.7.10 Barneverntenestelova.....	15
2.7.11 Barnelova.....	15
2.7.12 Gjeldsordningslova.....	16
2.7.13 Konesjonslova.....	16
2.7.14 Jordlova.....	16
2.7.15 Skogbrukslova.....	16
2.7.16 Odelslova.....	16
2.7.17 Forpaktingslova.....	16
2.7.18 Bufelova.....	16
1.1.1 Naturmangfaldlova.....	16

2.7.19 Beitelova	16
2.7.20 Grannelova.....	17
2.7.21 Plantevernmiddelova.....	17
2.7.22 Friluftsløva	17
2.7.23 Motorferdsel i utmark og vassdrag.....	17
2.7.24 Viltlova.....	17
2.7.25 Lakse- og innlandsfiskeløva.....	17
2.7.26 Kulturminneløva	17
2.7.27 Biblioteklova	17
2.7.28 Film- og videogramløva.....	17
2.7.29 Plan- og bygningsløva.....	17
2.7.30 Vegløva	17
2.7.31 Samferdselsløva.....	17
2.7.32 Vegtrafikklova.....	17
2.7.33 Matrikkellova	18
2.7.34 Forureiningsløva.....	18
2.7.35 Brann- og eksplosjonsvernlova.....	18
2.7.36 Sal av areal frå industriområde	18
2.7.37 Sal av tomter i bustadfelt	18
2.7.38 Byggherreforskriften.....	19
2.7.39 Kulturløva	19
1.1.2 Sivilbeskyttelsesloven	19
Vedlegg A – Godtgjering til folkevalde i Seljord kommune	20
1 GODGJERING TIL ORDFØRAR OG VARAORDFØRAR.....	20
2 GODGJERSLE TIL LEIAR AV PLAN-, MILJØ. OG TEKNISK UTVAL	20
3 GODGJERSLE TIL MEDLEMMER AV FORMANNSKAPET, ADMINISTRASJONSUTVALET OG PLAN-, MILJØ- OG TEKNISK UTVAL	20
4 GODTGJERING TIL LEIAR AV KONTROLLUTVALET.....	20
5 GODTGJERSLE TIL LEIAR AV OVERFORMYNDERIET.....	20
6 GODTGJERING TIL MEDLEMMER I UTVAL, NEMNDER OG AD HOC UTVAL	20
7 TAPT ARBEIDSFORTENESTE	21
7.1 Ulegitimerte krav	21
7.2 Legitimerte krav.....	21
8 OMSORGSODTGJERSLE	21
9 REISEGODTGJERSLE	21

1 Innleiing

1.1 Generelt

Lov om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) av 25. september 1992, gjeldande frå 1. januar 1993 med endringar av 19. juni 2009, gjeldande frå 1. januar 2010 legg opp til stor lokal fridom til organiseringsmåte. Den lokale forvaltninga skal kunne tilpassast lokale tilhøve og behov.

Dette delegasjonsreglementet erstattar delegasjonsreglement for Seljord kommune vedteke i kommunestyret 11.10.2007 og etterfylgjande endringsvedtak.

1.2 Formål med delegering

- Effektiv sakshandsaming
- Betre samordna styring
- Klar ansvarsdeling mellom folkevalde organ og administrasjon
- Rettstryggleik
- Politikare får betre høve til å konsentrere seg om overordna planer og styring

Delegasjonsreglementet skal vere eit verktøy for å kunne realisere målsettinga om ansvars- og rollefordeling mellom det politiske og administrative nivået, og gjere sakshandsamingstida kortast mogleg.

Eit delegasjonsreglement kan aldri frita dei folkevalde for deira overordna ansvar for styring av kommunen. Det er praktiske grunnar som gjer det fornuftig at mindre saker kan delegerast nedover i systemet eller leggjast til mellombelse særutval.

1.3 Referansar

- Lov om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) av 25. september 1992, gjeldande frå 1. januar 1993 med endringar av 19. juni 2009, gjeldande frå 1. januar 2010.
- Lov om behandlingssmåte i forvaltningssaker (forvaltningslova) av 10. februar 1967, gjeldande frå 1. januar 1970 med endringar av 17. desember 2010.
- Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) av 27. juni 2008 med endringar frå 25. juni 2010.

1.4 Heimelsgrunnlag


Kommunelova gir fylgjande føresegner for delegering:

- § 8.3 – Kommunestyret fastset sjølv området for formannskapet si verksemd. Kommunestyret kan tildele formannskapet avgjerdsmynde i alle saker der ikkje anna fylgjer av lov.
- § 9.5 – Kommunestyret kan gje ordføraren mynde til å treffe vedtak i enkeltsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell karakter.
- § 10.2 – Kommunestyret fastset sjølv verksemdsområde for dei faste utvala. Slike utval kan tildelast avgjerdsmynde i alle saker der ikkje anna fylgjer av lov.

- § 10.4 – Dei faste utvala kan gje leiar eller arbeidsutval mynde til å treffe vedtak i enkeltsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell karakter dersom ikkje anna fylgjer av lov.
- § 13.1 – Kommunestyret kan sjølv avgjere at formannskapet, eller eit fast utval, skal ha mynde til å fatte vedtak i saker som skulle ha vore fatta av eit anna organ, når det er nødvendig at vedtak vert fatta så raskt at det ikkje er tid til å innkalle dette organet. ”Hastekompetanse”
- § 23.4 – Kommunalt folkevalt organ kan gje rådmannen mynde til å fatte vedtak i enkeltsaker eller saker som ikkje er av prinsipiell karakter, så sant kommunestyret ikkje har fatta vedtak om noko anna.
- § 24.1 – Kommunestyret kan tildele formannskapet, faste utval, styre eller rådmannen mynde til å opprette og leggje ned stillingar og til å treffe avgjersle i personalsaker.

1.5 Politisk organisering

Politisk organisering i Seljord kommune blei vedteke i kommunestyret 9. desember 2010 i kommunestyresak 68/10.



Figuren viser den politiske organiseringa i Seljord kommune. Dei kvite boksane omfattar utval som har fått delegert mynde etter dette delegasjonsreglementet.

Kommunestyret eller formannskapet kan oppnemne komitear med 3-5 medlemmer til større politiske saker.

2 Fullmakter

2.1 Generelt

2.1.1 Retningslinjer for gjeven fullmakt

All delegert fullmakt skal brukast i samsvar med lover, vedtekter og retningslinjer gjevne av overordna organ, og innanfor ramma av budsjett og føresetnader. Ei sak er ikkje prinsipiell når det ligg føre lover, retningslinjer eller liknande for korleis ei sak skal behandlast, og/eller ein har praksis frå tidlegare saker. All delegasjon frå politiske nivå til administrasjonen skal gå til rådmannen.

2.1.2 Vidaredelegering

Avgjerdsmynde som er delegert til eit fast politisk organ, kan organet delegere vidare til rådmannen, jf. § 23.4 i kommunelova. Delegasjon gjeve til rådmannen, kan rådmannen delegere vidare til underordna.

2.1.3 Tilbakekalling av fullmakter

Eit overordna organ kan krevja å få framlagt ei sak som eit underordna organ har til behandling etter delegert fullmakt. Overordna organ kan treffe vedtak innom saksområde som er delegert utan fyrst å trekkje fullmakta tilbake.

2.1.4 Rett til ikkje å gjere bruk av fullmakt i særskilde saker

Organ som har fått delegert fullmakt, kan overlate til overordna organ å ta avgjerd i spesielle saker.

2.1.5 Omgjeringsrett

Eit overordna organ kan gjere om eit vedtak som underordna organ har gjort, jf. § 35 i forvaltningslova.

2.1.6 Tilbakemelding om bruk av delegert fullmakt

Vedtak gjort etter delegert fullmakt skal rapporterast tilbake dersom det organet som har delegert fullmakta, bed om det.

2.1.7 Mindretalsanke

I organ der fullmakt er delegert, kan 2 medlemmer, ordførar eller rådmann (eller dei som møter i deira stad) innan møtet er slutt, krevje saka lagt fram for næraste overordna organ.

2.1.8 Partar og andre sin rett til å få eit vedtak overprøvd

Enkeltvedtak kan påklagast av ein part eller nokon annan med rettsleg klageinteresse.

For enkeltvedtak som er fatta av forvaltningsorgan oppretta i medhald av kommunelova, skal klage fremjast for det organet som har fatta vedtaket. Dette organet er underinstans ved klagebehandling og skal vurdere saka på nytt. Dersom organet held oppe vedtaket som blir påklaga, skal saka sendast klageorganet til behandling. Alle politiske organ som har fått delegert mynde, har òg mynde til å opptre som underinstans i klagebehandlingssaker.

Mynde til å opptre som underinstans ved behandling av klager på administrative vedtak, blir lagt til det politiske organet som saka fagleg høyrer til. Opprettheld dette organet vedtaket som er fatta av administrasjonen, skal saka sendast klageorganet til behandling.

Den kommunale klagenemnda er klageinstans for vedtak fatta av organ oppretta etter kommunelova, dersom det ikkje er gjort særleg unntak for det.

Departementet (fylkesmannen) er likevel klageinstans når vedtak er fatta av kommunestyret.

For vedtak fatta etter særlov er statleg organ klageinstans.

2.2 Fullmakter i budsjettsaker

2.2.1 Kontoplan

Konto	Ansvar	Teneste
11053	210	2020

Konto (art) er dei ulike artane som blir nytta for å levere ei teneste. Til dømes 11053 – Læremiddel og undervisningsutstyr.

Ansvar beskriv kven som har ansvar for å levere tenesta. Til dømes 210 - Seljord barneskule.

Teneste er dei ulike tenestene som dei ulike ansvara driv. Til dømes 2020 – Grunnskule.

2.2.2 Generelt

Seljord kommune har tre rapporteringsnivå med tilhøyrande disponeringsfullmakter.

- Nivå 1 – Programområde (PO) vert definert av det fyrste talet i ansvarsdimensjonen i kontoplanen (1,2,3,4 eller 5).
- Nivå 2 – Netto hovudansvarsområde vert definert av det andre talet i ansvarsdimensjonen i kontoplanen (til dømes 21 som er grunnskule), 22 som er førskule (barnehage) og 23 som er kulturskule.
- Nivå 3 – Netto ansvar vert definert av det tredje talet i ansvarsdimensjonen (til dømes 210 Seljord barneskule, 211 Seljord ungdomsskule, 212 Flatdal skule og 213 Åmotsdal skule)

Kommunestyret (nivå 1) vedtek årsbudsjettet på netto programområdenivå. Skal ein i løpet av budsjettåret flytte pengar mellom programområda, er det ei budsjettendringssak for kommunestyret.

Formannskapet (nivå 2) har ansvar for årsbudsjettet på netto hovudansvarsnivå. Formannskapet kan i løpet av budsjettåret flytte pengar mellom hovudansvara.

Rådmannen (nivå 3) har ansvar for årsbudsjettet på netto ansvar, teneste- og/eller artsnivå. Skal ein i løpet av budsjettåret flytte pengar mellom ansvar, tenester og/eller art, er det ei budsjettendringssak for rådmannen. Rådmannen kan subdelegere disponeringsfullmakt si.

2.2.3 Fullmakter til formannskap/økonomiutval

Formannskap/økonomiutval har fullmakt til å gjere delvise strykingar ved rekneskapsavslutning.

Alle saker av økonomisk karakter skal behandlast av formannskapet/økonomiutvalet.

Formannskapet blir delegert fullmakt til bruk av næringsfond I og tilskotspostar (KOSTRA-art 470) innafor ansvar 440-kultur.

2.2.4 Fullmakter til ordførar og rådmann

Ordføraren får fullmakt til å godkjenne rentevilkår og rentebindingsperiode på lån etter innstilling frå rådmannen. Det gjeld både ved opptak av nye lån og ved endring av rentevilkår og rentebindingsperiode på løpande lån. Finansreglement for Seljord kommune gir nærare retningsliner for opptak av lån og rentevilkår.

2.2.5 Fullmakter til rådmannen

Rådmannen har fullmakt til å gje Startlån, tilskot til etablering og butilskottsordningar (t.d. bustøtte) innafor Husbanken sine reglar og retningsliner.

Rådmannen har fullmakt til å gje lån og garantiar innom Lov om sosialteneste innafor ei samla ramme og sum pr. tiltak fastsett av kommunestyret.

Rådmannen har fullmakt til bruk av disposisjonsfondet innom det programområdet det er avsett frå. Gjeld ikkje det ordinære (felles) disposisjonsfondet.

Rådmannen har fullmakt til å disponere bundne driftsfond når det trengst for å dekkje tilsvarende utgifter. Unntak: Næringsfond.

Rådmannen har fullmakt til avsettingar til bundne drifts- og kapitalfond.

Rådmannen har fullmakt til tilvisningar og delegasjon av desse.

2.2.6 Avgrensingar i bruk av fullmakt

Fullmakta kan ikkje nyttast til å gjere disposisjonar i strid med prioriteringar eller føresetnader frå kommunestyret si side.

2.3 Fullmakter til ordføreren

Ordføreren har rett til å ta med seg folkevalde på møte og konferansar så langt ho finn det føremålstenleg.

Ordføreren kan etter avtale med rådmannen be tenestemenn greie ut saker.

Ordføreren avgjer representasjonssaker og saker om gåver innanfor budsjettet.

Ordføreren har fullmakt til å fastleggje/koordinere møteplanar for formannskapet/økonomiutvalet, planutvalet, administrasjonsutvalet og kommunestyret samt eventuelle andre politiske organ.

2.4 Fullmakter til rådmannen

Med heimel i § 23.4 i kommunelova blir rådmannen gjeve fullmakt til å avgjere einskildsaker eller andre saker som ikkje er av prinsipiell karakter. Finn rådmannen saka prinsipiell, skal saka leggast fram for folkevalde organ sjølv om ho høyrer til eit rutineprega område.

Rådmannen har fullmakt til å fordele den statlege og kommunale støtta til dei politiske partia i samsvar med gjeldande retningslinjer fastsette av departementet.

Rådmannen har fullmakt til å godkjenne bortleige av kommunale bustader, og til å seie opp leigetilhøvet.

Rådmannen har fullmakt til å avgjere om ein skal fråfalle prioritet for lån når dette ikkje fører med seg tapsrisiko for kommunen.

Rådmannen har fullmakt til å engasjere i sysselsetjingsarbeid.

Rådmannen har fullmakt til å fordele støtte til trdomssamfunn etter gjeldande retningslinjer.

Rådmannen har innstillingsrett til alle politiske organ med unntak av kontrollutvalet.

Rådmannen har fullmakt til å ettergje/stryke alle uteståande kortsiktige krav.

2.5 Fullmakter i personalsaker

2.5.1 Fullmakter til administrasjonsutvalet

Administrasjonsutvalet er oppretta med heimel i kommunelovas § 25. Arbeidsgjevarsida vel sine representantar til utvalet mellom medlemmene i formannskapet.

Administrasjonsutvalet er kommunen sitt utval i personalsaker. Utvalet innstiller til kommunestyret i saker som gjeld:

- Overordna personalpolitiske retningslinjer
- Overordna organisasjons- og bemanningsplanar
- Tilsetjing av rådmann
- Avskjed av rådmann

Administrasjonsutvalet har fullmakt til å avgjere saker som gjeld:

- Tilsetting av kommunalsjefar
- Tilsetting av økonomisjef
- Tilsetting av personalsjef
- Personalpolitiske retningslinjer og reglement basert på overordna planverk.
- Personal- og bemanningsplanar.

- Oppretting av nye stillingsheimlar eller nedlegging/inndraging av stillingsheimlar
- Å vedta opplæringsplan.
- Avtaler,unnateke avtaler som kjem inn under punkt 2.5.2
- Avskjed av kommunalsjefar, økonomisjef og personalsjef

Administrasjonsutvalet har fullmakt til å godkjenne arbeidsavtale, instruksar eller stillingsbeskriving for rådmannen.

Der det i personalsaker er klagerett, er administrasjonsutvalet klageorgan.

Administrasjonsutvalet har fullmakt til å avgjera tvistespørsmål som gjeld tolking og praktisering av avtaler, reglement og andre avgjerder som gjeld arbeidstakarane sine tilsetjings- og arbeidsvilkår.

Administrasjonsutvalet får fullmakt til å oppnemne forhandlingsutval på 3 medlemmer med varamedlemmer til å føre forhandlingar etter kapittel 3.4 i Hovudtariffavtala.

2.5.2 Fullmakt til formannskapet

Formannskapet har fullmakt til å vedta sentrale tariffavtalar.

2.5.3 Intervjuutval

Ved tilsetting av rådmann, kommunalsjefar, økonomisjef og personalsjef oppnemner administrasjonsutvalet eit intervjuutval. Intervjuutvalet blir leia av rådmannen ved tilsetting i alle stillingar unntatt rådmannstillinga.

2.5.4 Fullmakter til rådmannen

Med heimel i § 24.1 i kommunelova har rådmannen fullmakt til å avgjere personalsaker (tilsettingar, permisjonar m.m.)

Fullmakta omfattar avgjerd i fylgjande type saker:

- Tilsetting i alle godkjente stillingsheimlar, med unntak av rådmannstillinga, kommunalsjefar, økonomisjef og personalsjef.
- Mellombels tilsettingar og vikariat
- Omgjering av vedtekne stillingsheimlar
- Omplasseringar
- Avskjed og oppseiingar (med unntak av kommunalsjefar, økonomisjef og personalsjef)
- Permisjonar
- Konstituering i vakante stillingar
- Vurdere ledige stillingar før utlysing
- Avgjerder i samband med personalutvikling/opplæring/kompetanseutvikling.
- Iverksetting av tiltak heimla i opplæringsplanen

Jf. retter og plikter i høve til Hovudavtala del N §§ 3-3 og 3-4

Rådmannen har fullmakt til å avgjera eventuelle nestleiarfunksjonar.

Rådmannen har fullmakt til å føre drøftingar og lokale forhandlingar etter kapittel 4 og kapittel 5 i Hovudtariffavtala for KS tariffområde. Fullmakta omfattar òg lokale forhandlingar for det pedagogiske personalet. Rådmannen har fullmakt til å godkjenne forhandlingsprotokollane.

Rådmannen har fullmakt etter punkt xx å fastsetje lønns- og arbeidsvilkår ved nytilsetting.

2.6 Fullmakter til dei faste utvala

Etter § 10.2 i kommunelova vedtek kommunestyret at formannskapet/økonomiutvalet, administrasjonsutvalet og Plan-, miljø- og teknisk utval skal ha innstillingsrett til kommunestyret i saker der avgjerdsretten ikkje er delegert frå kommunestyret.

Etter § 10.5 i kommunelova delegerer kommunestyret fullmakt til formannskap/økonomiutval, administrasjonsutvalet og Plan-, miljø- og teknisk utval med høve til å opprette komitear/ad hoc utval til særskilde saker.

Mynde kan bli delegert til komitear/ad hoc utval.

Fordeling av ansvarsområde mellom dei ulike utvala:

Formannskapet/økonomiutvalet	Plan-, miljø- og teknisk utval
Økonomiplan, årsbudsjett og skattevedtak	Plan- og bygningslova
Rekneskap og årsmelding	Regulerings-, plan- og byggjesaker
Skule og barnehage	Landbruk – konsesjons- og delingssaker
Helse og omsorg	Sakar etter jordlova, skoglova og odelslova
Kulturskule	Forvaltning av kommunale bygg og eigedommar
Vaksenopplæring	VAR
Flyktningar	Miljø
Samferdsel	Viltforvaltning med tilhøyrande løyvesaker
Skjenkeløyve	
Næringssaker	
Landbruksutvikling	
Kultur	
Bibliotek	

Formannskapet er økonomiutval

Plan-, miljø- og teknisk utval er kommunen sitt faste utval for plansaker (planutval), jf. § 3-3 i Plan- og bygningslova.

2.6.1 Fullmakter til formannskapet

- Formannskapet har ansvar for økonomiplan, årsbudsjett og skattevedtak, jf. kommunelova § 8-3.
- Formannskapet har avgjerdsrett i alle saker som ikkje er delegerte til andre utval eller som etter gjeldande lov skal bli avgjort av kommunestyret sjølv, mao. alle saker som gjeld søknader om økonomiske tilskot.
- Årsmelding

2.6.1.1 Fullmakter til formannskapet etter kommunelova

- Formannskapet har fullmakt i alle saker som er delegerte frå kommunestyret

- Formannskapet har fullmakt til å delegere til rådmannen i samsvar med § 23.4 i kommunelova.
- Formannskapet har fullmakt til å ta avgjerd etter § 13 i kommunelova, ”hastekompetanse”

2.6.1.2 Fullmakter til formannskapet etter anna lovverk

Formannskapet får fullmakt til avgjerd innafor sitt ansvarsområde i alle lover, føresegner og retningsliner som kommunestyret kan delegere, med unntak av fullmakter som er delegerte til administrasjonsutvalet, Plan-, miljø- og teknisk utval, eventuelle komitear og ad hoc utval samt rådmannen.

Dette gjeld m.a. innom fylgjande lovverk:

- Lov om grunnskule og den vidaregåande opplæring av 17. juli 1988 nr. 61 med tilhøyrande føresegner (opplæringslova).
- Lov om barnehagar av 17. juni 2005 nr. 64 med tilhøyrande føresegner. (Barnehagelova)
- Lov om vaksenopplæring av 19. juni 2009 nr. 95 med tilhøyrande føresegner. (Vaksenopplæringslova)
- Lov om helsetenester i kommunane av 19. november 1982 nr. 66 (Kommunehelsetenestelova)
- Lov om vern mot smittsame sjukdommar av 24. juni 1994 nr. 55 (Smittevernelova)
- Lov om vern mot tobakkskader av 9. mars 1973 nr. 14 (Tobakkskadelova)
- Lov om sosialtenester m. v. av 13. desember 1991 nr. 81 (Sosialtenestelova)
- Lov om barneverntenester av 17. juli 1992 nr. 100 (Barneverntenestelova)
- Lov om barn og foreldre av 8. april 1981 nr. 7 (Barnelova)
- Lov om frivillig og tvungen gjeldsordning for privatpersonar av 17. juli 1992 nr. 99 (Gjeldsordningslova)
- Veglov av 21. juni 1963 nr. 23 (Veglova) (§ 56 – bompengar private vegar)
- Lov om yrkestransport med motorvogn og fartøy av 21. juni 2002 nr. 45 (Yrkestransportlova)
- Vegtrafikklov av 18. juni 1965 nr. 4 (Vegtrafikkloven)
- Lov om omsetning av alkoholhaldig drikke m. v. av 2. juni 1989 nr. 27 (Alkohollova). Formannskapet blir gjeve fullmakt til å avgjere alle sals- og skjenkeløyvesaker. Jf. ”Alkoholpolitiske retningsliner for Seljord kommune”
- Lov om forpaktning av 25. juni 1965 nr. 1 (Forpaktningslova)
- Lov om hundehold av 4. juli 2003 nr. 74 (Hundeloven)
- Lov om matproduksjon og mattryggleik m. v. av 19. desember 2003 nr. 124 (Matlova)
- Lov om ymse beitespørsmål av 16. juni 1961 nr. 12 (Beitelova)
- Lov om grannegjerde av 5. mai 1961 (Grannegjerdelova)
- Lov om friluftslivet av 28. juni 1957 nr. 16 (Friluftsløva)
- Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 10. juni 1977 nr. 82 (Motorferdselslova)

- Lov om laksefiske og innlandsfisk m. v. av 15. mai 1992 nr. 47 (Lakse- og innlandsfiskeleva)
- Lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr. 50 (Kulturminnelova)
- Lov om folkebibliotek av 20. desember 1985 nr. 50 (Folkebibliotekslova)
- Lov om film og videogram av 15. mai 1987 nr. 21 (Film og videogramlova)
- LOV 2007-06-29 nr 89: Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd (kulturlova)

2.6.2 Fullmakter til Plan-, miljø- og teknisk utval

2.6.2.1 Fullmakter til Plan-, miljø- og teknisk utval etter kommunelova

- Plan-, miljø- og teknisk utval har fullmakt i alle saker delegerte frå kommunestyret.
- Plan-, miljø- og teknisk utval er delegert mynde som kommunen sitt faste utval for plansaker (planutvalet). Jf. § 3-3 i plan- og bygningslova.
- Plan-, miljø- og teknisk utval har fullmakt til å delegere til rådmannen i samsvar med § 23.4 i kommunelova

2.6.2.2 Fullmakter til Plan-, miljø- og teknisk utval etter anna lovverk

- Miljøforvaltning/Lokal Agenda 21. Plan-, miljø- og teknisk utval har avgjerdsrett i saker innom ansvarsområdet.
- Lov om vern mot forureiningar og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6. (Forureiningslova). Med heimel i § 83 er Plan-, miljø- og teknisk utval delegert fullmakt til å gjere enkeltvedtak, inklusive avgjerd ved søknad om dispensasjon frå gjeldande føresegner.
- Plan- og bygningslova av 14. juni 1985 nr. 77 (Plan- og bygningslova). Plan-, miljø- og teknisk utval gjer vedtak i saker som etter plan- og bygningslova kan delegerast frå kommunestyret.
- Lov om eigedomsregistrering av 17. juni 2005 nr. 101 (Matrikkellova)
- Lov om konsesjon ved erverv av fast eigedom m. v. av 28. november 2003 nr. 98 (Konsesjonslova).
- Lov om jord av 12. mai 1995 nr. 23 (Jordlova)
- Lov om skogbruk av 27. mai 2005 (Skogbrukslova).
- Lov om odelsretten og åsetesretten av 28. juni 1974 nr. 58 (Odelslova)
- Lov om viltet av 29. mai 1981 nr. 38 (Viltlova)

2.6.3 Fullmakter til kontrollutvalet

Kontrollutvalet si rolle er fastlagd i kommunelova § 77. Kommunestyret skal sjølv velje eit kontrollutval til å ivareta det løpande tilsynet med den kommunale og fylkeskommunale forvaltninga på kommunen sine vegner.

2.6.4 Fullmakter til administrasjonsutvalet

Administrasjonsutvalet er oppretta med bakgrunn i kommunelova § 25. Administrasjonsutvalet behandlar saker som gjeld forholdet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette.

2.6.5 Fullmakter til arbeidsmiljøutvalet (AMU)

Arbeidsmiljøutvalet er oppretta med bakgrunn i arbeidsmiljølova § 7. Arbeidsmiljøutvalet skal virke for gjennomføring av eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø i verksemda. Utvalet skal delta i

planlegging av verne- og miljøarbeidet, og nøye følge utviklinga i alt som gjeld tryggleik, helse og velferd for arbeidstakarane.

2.7 Fullmakter til rådmannen

2.7.1 Alkohollova

Lov om omsetting av alkohaldig drikk m. v. av 2 juni 1989 nr. 27 (Alkohollova). Rådmannen har fullmakt til å gje innskrenka skjenkeløyve og skjenkeløyve ved eitt bestemt høve/einskild arrangement.

2.7.2 Serveringslova

Lov om serveringsvirksomhet av 13. juni 1997 nr. 55 (Serveringslova). Rådmannen har fullmakt i alle saker som etter lova kan delegerast til rådmannen.

2.7.3 Opplæringslova

Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa av 17. juli 1998 nr. 61 (Opplæringslova). Rådmannen får fullmakt i alle saker som ikkje er prinsipielle, herunder alle enkeltvedtak og tilsynsoppgåver.

2.7.4 Barnehagelova

Lov om barnehagar av 17. juni 2005 med tilhøyrande føresegner. (Barnehagelova). Rådmannen får fullmakt i alle saker som ikkje er av prinsipiell karakter, herunder alle enkeltvedtak og tilsynsoppgåver.

2.7.5 Vaksenopplæringslova

Lov om vaksenopplæring av 28. mai 1976 med tilhøyrande føresegner (Vaksenopplæringslova). Rådmannen har fullmakt i saker som ikkje er prinsipielle.

2.7.6 Kommunehelsetenestelova

Lov om helsetenesta i kommunane av 19. november 1982 nr. 66 (Kommunehelsetenestelova). Der fullmakt ikkje er tillagt helsepersonell ved lov eller føresegn, blir fullmakt delegert til rådmannen om å gjere vedtak etter §§ 2-1 og 2-3 i lova.

2.7.7 Smittelova

Lov om vern mot smittsame sjukdommar av 24. juni 1994 nr. 55 (Smittelova).

2.7.8 Tobakkskadelova

Rådmannen har fullmakt så langt lova tillet.

2.7.9 Sosialtenestelova

Lov om sosialtenester m. v. av 13. desember 1991 nr. 81. (Sosialtenestelova). Rådmannen har fullmakt til å gjere vedtak i alle saker etter kapittel 4, 5, 6, og 11, og elles saker som ikkje er prinsipielle. Fullmakta omfattar òg tildeling av kommunale bustader tilrettelagde for eldre og funksjonshemma.

2.7.10 Barneverntenestelova

Lov om barneverntenester av 17. juli 1992 nr. 100. (Barneverntenestelova). Rådmannen blir delegert fullmakt til avgjerd etter § 2-1 i lova.

2.7.11 Barnelova

Lov om barn og foreldre av 8. april 1981 nr. 7. (Barnelova).

2.7.12 Gjeldsordningslova

Lov om frivillig og tvungen gjeldsordning for privatpersonar av 17. juli 1992 nr. 99. (Gjeldsordningslova). Rådmannen får dei fullmaktene som er nødvendige for å ivareta kommunen sine plikter.

Planar/tiltak:

Rådmannen har fullmakt til å godkjenne planar/tiltak der vilkåra for godkjenning fylgjer av føresegner, og der skjønsmessig fastsette krav er kurante i høve til gjevne retningslinjer.

Pålegg:

Rådmannen har fullmakt til å gje pålegg i samband med oppfylging av godkjenningar, kontroll av driftstilhøve og klager frå publikum på helsemessige og hygieniske miljøulemper, når pålegget er kurant i høve til gjevne forskrifter og/eller retningslinjer. Pålegg som fører til omfattande konsekvensar for dei det gjeld, skal leggjast fram for formannskapet.

Miljøretta helsevern:

Rådmannen har fullmakt til å uttale seg i enkeltsaker som gjeld miljøretta helsevern når saka ikkje er av prinsipiell karakter.

2.7.13 Konesesjonslova

Lov om konsesjon og om forkjøpsrett for det offentlege ved overtaking av fast eigedom av 31. mai 1974 nr. 19. (Konesesjonslova). Rådmannen har fullmakt til avgjerd i alle saker som ikkje er av prinsipiell karakter.

2.7.14 Jordlova

Lov om jord av 12. mai 1995 nr. 23. (Jordlova). Rådmannen har fullmakt til avgjerd i alle saker som ikkje er av prinsipiell karakter.

2.7.15 Skogbrukslova

Lov om skogbruk og skogvern av 21. mai 1965. (Skogbrukslova). Rådmannen har fullmakt til avgjerd i alle saker som ikkje er av prinsipiell karakter.

2.7.16 Odelslova

Lov om odelsretten og åsetesretten av 28. juni 1974 nr. 58. (Odelslova). Rådmannen har fullmakt til avgjerd ved blinking og utrekning av verdiauken av tilvekst etter § 63 i Odelslova.

2.7.17 Forpaktingslova

Lov om forpaktning av 25. juni 1965 nr. 1. (Forpaktingslova). Rådmannen har fullmakt til godkjenning av forpaktingskontraktar/-avtaler, jf. § 4.

2.7.18 Bufelova

Lov om ansvar for skade på bufe ved hund m. v. av 9. juli 1926 nr. 4. (Bufelova). Rådmannen har fullmakt til å avgjere saker av ikkje prinsipiell karakter.

1.1.1 Naturmangfaldlova

LOV 2009-06-19 nr 10 Lov om forvaltning av naturens mangfald av 19. juni 2009 (naturmangfaldlova). Rådmannen har fullmakt til å avgjere saker av ikkje prinsipiell karakter.

2.7.19 Beitelova

Lov om ymse beitespørsmål av 16. juni 1961 nr. 12. (Beitelova). Rådmannen har fullmakt til å avgjere saker av ikkje prinsipiell karakter.

2.7.20 Grannelova

Lov om grannegjerde av 5. mai 1961. (Grannelova). Rådmannen har fullmakt til å opptre på kommunen sine vegne i nabosaker, og avgjere saker av ikkje prinsipiell karakter.

2.7.21 Plantevernmiddeellova

Lov om plantevernmiddel m. v. av 5. april 1963 nr. 9. (Plantevernmiddeellova). Rådmannen har fullmakt til å avgjere saker av ikkje prinsipiell karakter.

2.7.22 Friluftslova

Lov om friluftslivet av 28. juni 1957 nr. 16. (Friluftslova). Rådmannen har fullmakt til å avgjere saker av ikkje prinsipiell karakter.

2.7.23 Motorferdsel i utmark og vassdrag

Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 10. juni 1977 nr. 82. Rådmannen har fullmakt til avgjerd etter § 5 i forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagde vassdrag og etter § 6 i lova gje dispensasjon.

2.7.24 Viltlova

Lov om viltet av 29. mai 1981 nr. 38. (Viltlova). Rådmannen har fullmakt til å avgjere saker av ikkje prinsipiell karakter.

2.7.25 Lakse- og innlandsfiskelova

Lov om laksefisk og innlandsfisk m. v. av 15. mai 1992 nr. 47. (Lakse- og innlandsfiskelova). Rådmannen har fullmakt til å avgjere saker av ikkje prinsipiell karakter.

2.7.26 Kulturminnelova

Lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr. 50. (Kulturminnelova). Rådmannen har fullmakt til å avgjere saker av ikkje prinsipiell karakter.

2.7.27 Biblioteklova

Lov om folkebibliotek av 20. desember 1985 nr. 108. (Biblioteklova). Rådmannen har fullmakt til å avgjere saker av ikkje prinsipiell karakter

2.7.28 Film- og videogramlova

Lov om film og videogram av 15. mai 1987 nr. 21. (Film- og videogramlova). Rådmannen har fullmakt til å avgjere saker av ikkje prinsipiell karakter.

2.7.29 Plan- og bygningslova

Plan- og bygningslov av 14. juni 1985 nr. 77. (Plan- og bygningslova). Rådmannen har fullmakt til avgjerd i alle saker som ikkje skal bli avgjort av kommunestyret sjølv eller av Plan-, miljø- og teknisk utval/planutvalet.

2.7.30 Veglova

Veglov av 21. juni 1963 nr. 23. (Veglova). Med heimel i § 9 – 3. ledd blir rådmannen delegert fullmakt som vegstyresmakt for kommunale vegar i alle saker som ikkje er prinsipielle.

2.7.31 Samferdselslova

Lov om samferdsel av 4. juni 1976 nr. 63. (Samferdselslova).

2.7.32 Vegtrafikklova

Vegtrafikklov av 18. juni 1965 nr. 4 (Vegtrafikklova) og forskrifter. Rådmannen har fullmakt til å avgjere saker av ikkje prinsipiell karakter med heimel i § 4 i vegtrafikklova og §§ 28 og 29 i skiltforskriftene. Gjeld og § 6 – 5. ledd og § 7.

2.7.33 Matrikkelova

Lov om eigedomsregistrering av 17. juni 2005 nr. 61 (Matrikkelova). Rådmannen har fullmakt til avgjerd i saker utan prinsipiell karakter. Fullmakt til frådelling av areal på inntil 2 dekar.

2.7.34 Forureiningslova

Lov om vern mot forureiningar og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6. (Forureiningslova). Rådmannen har fullmakt til avgjerd i alle saker som ikkje er av prinsipiell karakter etter § 22 - 2. ledd, § 26 – 5. ledd og §§ 35 og 37. Fullmakt til avgjerd i saker etter forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg av 12. april 2000.

2.7.35 Brann- og eksplosjonsvernlova

Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farleg stoff og brannvesenets redningsoppgåver av 14. juni 2002 nr. 20. (Brann- og eksplosjonsvernelova). Rådmannen blir delegert alle fullmakter til avgjerd etter brann- og eksplosjonsvernelova med forskrifter med unntak av prinsipielle saker.

2.7.36 Sal av areal frå industriområde

Rådmannen har fullmakt til å ta avgjerd ved sal av areal frå næringsområde i kommunen på fylgjande vilkår:

- På arealet skal det drivast næringsverksemd.
- Skøyte vert utferda etter oppmåling/betaling
- Oppmålings-, opparbeidings- og overdragingskostnader skal betalast av kjøpar.
- Næringsaktiviteten skal starte innan eitt år etter at skøyte er utferda. Rådmannen kan i spesielle tilhøve gje dispensasjon inntil tre år
- Rådmannen har ved spesielle høve fullmakt til å trekkje tilbake tildelt tomt i tida utover eitt år.
- Dersom næringsarealet ikkje lengre vert nytta aktivt, skal det vidareselest til annan aktiv næringsverksemd.
- Ved utarbeiding av retningslinjer/reguleringsføresegner for næringsareal skal desse fylgjast, eventuelt med tillegg av det som er delegert her.

2.7.37 Sal av tomter i bustadfelt

Rådmannen har fullmakt til avgjere tomtosal i bustadfelt i kommunen på fylgjande vilkår:

- På arealet skal det først opp bustad. Det er ikkje høve til å selje tomter som tilleggsareal.
- Skøyte vert utferda etter oppmåling/betaling.
- Oppmålings- og overdragingskostnader skal betalast av kjøpar.
- Bygging på tomt skal starte innan eitt år etter at skøyte er utferda. Rådmannen kan i spesielle tilhøve gje dispensasjon inntil to år.
- Rådmannen har ved spesielle tilhøve fullmakt til å trekkje tilbake tildelt tomt i tida utover eitt år.
- Dersom tomta ikkje vert nytta i tråd med punkta ovanfor skal tomta gå tilbake til kommunen mot refusjon av salssummen.
- Ved utarbeidde retningslinjer/reguleringsføresegner for bustadfelt skal desse fylgjast, eventuelt med tillegg av det som er delegert her.

2.7.38 Byggherreforskriften

Forskrift av 21.04.1995 nr. 377 om tryggleik, helse og arbeidsmiljø på bygge- og anleggsplassar (byggherreforskriften). Rådmannen har fullmakt til å peike ut nødvendige ansvarspersonar (koordinator) for tryggleik, helse og arbeidsmiljø ved bygge- og anleggsplassar der kommunen er byggherre.

2.7.39 Kulturlova

Lov om offentlege styremakters ansvar for kulturverksemd av 29. juni 2007 nr. 89.

Rådmannen har fullmakt til å ta avgjerd i saker som ikkje er av prinsipiell karakter.

1.1.2 Sivilbeskyttelsesloven

Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret av 25. juni 2010 nr. 45 (sivilbeskyttelsesloven). Rådmannen har fullmakt til å ta avgjerd i saker som ikkje er av prinsipiell karakter.

Vedlegg A – Godtgjering til folkevalde i Seljord kommune

1 Godtgjering til ordfører og varaordfører

Ordfører har 100% stilling. Ordfører si godtgjering skal vera 100% av rådmannen si lønn, utan eventuelle tillegg.

Ordfører får ikkje godtgjersle/møtegodtgjersle i nokon utval, råd eller nemnder.

Ordføreren blir innmeld i KLP sin "Pensjonsordning for tillitsvalde"

Ordføreren får utbetalt "etterlønn" (1,5 månadslønn) etter avslutta ombudsperiode. Dersom ordføreren ikkje trer inn i ny stilling etter avslutta periode, blir det utbetalt etterlønn på inntil 3 månader.

Varaordfører si godtgjersle skal vere 20% av ordføreren si godtgjersle. Varaordfører får ikkje godtgjersle/møtegodtgjersle i nokon utval, råd eller nemnder.

2 Godtgjersle til leiar av Plan-, miljø- og teknisk utval

Leiar av Plan-, miljø- og teknisk utval får ei fast godtgjersle på kr 25.000,- pr år i tillegg til vanleg møtegodtgjersle.

3 Godtgjersle til medlemmer av formannskapet, administrasjonsutvalet og Plan-, miljø- og teknisk utval

Medlemmer av formannskapet, administrasjonsutvalet og Plan-, miljø- og teknisk utval får ikkje fast godtgjersle. Det blir gjeve møtegodtgjersle på kr 1.400,- pr. møte i formannskap.

Møte i plan, miljø og teknisk utval blir godtgjort med kr 1.400,- pr. møte. For felles møte i formannskap/administrasjonsutval blir det gjeve berre éi møtegodtgjersle.

Dei som berre møter i administrasjonsutval, får ei møtegodtgjersle på kr 400,- pr. møte.

Medlemmene i kommunestyret får kr 700,- pr. møte. Dersom eit utvalsmøte blir lagt like før eller like etter eit kommunestyremøte, blir det gjeve møtegodtgjersle for eitt av møta, det møtet som har høgast sats.

4 Godtgjering til leiar av kontrollutvalet

Leiar av kontrollutvalet får ei fast godtgjersle på kr 10.000,- pr. år.

5 Godtgjersle til leiar av overformynderiet

Leiar av overformynderiet får ei godtgjersle på kr 30.000,- pr år.

6 Godtgjering til medlemmer i utval, nemnder og ad hoc utval

For møte i andre kommunale nemnder og ad hoc utval enn dei som er nemnde i punkt 3, blir det gjeve ein godtgjersle på kr 500,- pr. møte. Leiar av utval, nemnder og ad hoc utval kan få ei fast godtgjersle fastsett av kommunestyret.

Det blir ikkje gjeve møtegodtgjersle i fylgjande utval/nemnder:

- Arbeidsmiljøutval
- Kyrkjeleg fellesråd/sokneråd
- Nemnder som får godtgjersle fastsett av staten

7 Tapt arbeidsforteneste

7.1 Ulegitimerte krav

Ulegitimerte krav blir dekte med ei timelønn på kr 220,-. Avgrensa til maksimum 7,5 timar pr. dag.

Ulegitimert tapt arbeidsforteneste blir dekt for tida mellom kl. 08:00 og kl. 17:00. For sjølvstendig næringsdrivande og andre som ikkje har regulert arbeidstid, kan tapt arbeidsforteneste bli dekt til kl. 20:00.

7.2 Legitimerte krav

Legitimerte lønnskrav blir dekt med kr 450,- pr. time eller maksimalt kr 3.200,- pr dag.

Sjølvstendig næringsdrivande må dokumentere kravet med attestasjon frå likningskontor over nettoinntekt.

For andre som blir trekte i lønn som fylgje av vervet, skal det dokumenterast frå arbeidsgjevar.

8 Omsorgsgodgjersle

For dokumenterte utgifter til omsorgsoppgåver i heimen blir det gjeve kr 150,- pr. time som møtet varar, inklusiv reisetid. Avgrensa til kr 750,- pr. dag.

Den einskilde representanten må sjølv sette fram krav om dette.

9 Reisegodtgjersle

Reisegodtgjersle blir gjeve etter kommunalt regulativ. Det blir ikkje gjeve reisegodtgjersle for kortare avstand enn 3 km éin veg.